



## Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/25073-18

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.09.2021

### Svar på forespurnad om trekking av motsegn – Områdeplan Ostereidet – Alver kommune – PlanID 1263-201802

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 13.08.2021. Kommunen ber Statens vegvesen om å trekkje motsegn i saka – Områdeplan Ostereidet PlanID 1263-201802 og viser til revidert planmateriell. Alver kommune har med bakgrunn i tilbakemeldinga frå Statens vegvesen gjort følgjande endringar i plandokumenta:

- C-teikningane er utvida til å gjelde heile kryssområdet. Det er sendt fråvikssøknad til SVV frå Multiconsult datert 14.04.2021. Fråvik er den 25.05.2021 vurdert og akseptert av Statens vegvesen med følgjande tilbakemelding i brev til Multiconsult ASA:

*«Det er N100 som gjeld ved planlegging av offentleg veg og dimensjonerings grunnlaget skal i denne saka vere 80 km/t. Saman med søknaden om fråvik er det levert plan- og profildeikning som syner sikt i krysset Ev. 39. Vi legg til grunn at siktilhøva vert innarbeidd i høve til 80 km/t og at det ikkje er sikthindrande element i frisiktssona som til dømes rekkverk.»*

- Rekkjefølgjekrav til opparbeiding av kryss med E39 er presisert med kryssområdet o\_SKV1 / o\_SKV2.
- Rekkjefølgjekrav knytt til o\_ BU før det vert gjeve igangsetjingsløyve er revidert med ny tekst understrekt: o\_SKV6 med fortau der det er vist på plankartet. Vert utløyst ved søknad om nye tiltak som gjev auka trafikk, unntak vil til dømes vera fasadeendring, mindre tilbygg mv. Ny idrettshall utløyser rekkefølgjekravet.
- Støyskjerm langs E39 er endra etter justert stoppsikt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Vurdering:**

Etter det Statens vegvesen kan sjå er alle våre motsegnspunkt i saka svara ut gjennom dei endringar som er gjort i plankart og føresegner.

**Merknad:**

Føresegnene er presisert slik at dei viser til opparbeiding av heile kryssområdet o\_SKV1 /o\_SKV2 og jfr. pkt. 7.2 skal tiltaket vere gjennomført/opparbeidd før bruksløyve vert gjeve.

Her har ein likevel vald å ikkje følgje Statens vegvesen si faglege tilråding om å knyte rekkefølgjekravet opp mot igangsetjingsløyve. Dette, sjølv om det har vore fleire trafikkulykker ved krysset Ev. 39, der ei av dei medførte alvorleg skade. Statens vegvesen er framleis kritisk til eit slikt plangrep og peiker på nytt på at det ikkje kan påreknast at vegvesenet vil akseptere at det vert gjeve dispensasjon frå kravet til opparbeiding, dersom det vert søkt om dette ved tidspunkt for søknad om bruksløyve for dei ulike tiltaka.

**Oppsummering**

Vurderinga i saka er gjort på bakgrunn av revidert planmateriell og etter det vi kan sjå er alle våre motsegnspunkt no svara ut for Statens vegvesen sitt vedkommande. Vedlagt er plankart datert 07.01.2020 og reviderte føresegner datert revidert 08.07.2021.

Planmateriellet er stort og omfattande. Statens vegvesen tar atterhald om det i samband med denne siste revideringa ikkje er gjort andre endringar i kart eller føresegner som får verknad for dei av våre motsegnspunkt som allereie er sjekka ut av saka gjennom dialog og møter i planprosessen.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN